



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 17/9221-1

## **Plan for forvaltningsrevisjon 2018 – 2020 – Bestilling av prosjektplan**

### **Kontrollsjef rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet vil i første halvår 2018 gjennomføra ei evaluering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte om å utarbeida forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik felles evaluering av dei vedtekne planane i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, i tråd med dei føringer utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Prosjektplanen skal leverast sekretariata innan 17.1.2018 og skal handsamast i møte i kontrollutvala i februar 2018.

### **Vedlegg:**

### **Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet sine oppgåver vedrørande forvaltningsrevisjon finn vi i forskrift om kontrollutval kapittel 5. I dette kapittelet finn vi innleiingsvis ein omtale av kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå

til at forvaltningsrevisjon vert gjennomført. Kapittelet handlar vidare om plan for forvaltningsrevisjon, rapportering og oppfølging av gjennomførde forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Plan for forvaltningsrevisjon skal baserast på ein overordna analyse av fylkeskommunen si verksemd ut frå risiko- og vesentlegvurderingar, med siktet på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike områda i fylkeskommunen.

Den overordna analysen kan utarbeidast på mange måtar. I forskrift for kontrollutval § 10 står det følgjande om plan for forvaltningsrevisjon og den overordna analysen:

*Kontrollutvalget skal minst en gang i løpet av valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i perioden.*

*Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunen eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.*

Føresegna fastset at det er kontrollutvalet som har ansvaret for at det vert utarbeidd ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevision. Andre ledd inneheld krav om overordna analyse. Føremålet med denne analysen er å få fram relevant informasjon om fylkeskommunen si verksemd, slik at det vert mogeleg å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Det er opp til kontrollutvalet å avgjere kor detaljert ein ønskjer den overordna analysen.

Retningslinjer for innhald og gjennomføring av forvaltningsrevisjonar er omhandla i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar kapittel 3.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein plan for forvaltningsrevisjon som gjeld ut 2020, eller til ny plan er vedteken av fylkestinget, vedteken av fylkestinget 18. oktober 2016 i sak 41/16.

Kontrollutvalet ville ha gjennomført ei rullering av planen i løpet av 2018 uavhengig av at Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune skal slå seg saman frå 01.01.2020. På bakgrunn av dette har kontrollutvala i dei to fylkeskommunane hatt to felles arbeidsmøte der ein har drøfta korleis ein skal handsame ansvaret som kontrollutvala har i denne prosessen.

I referatet etter felles arbeidsmøte mellom kontrollutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar 21. november vart det nedfelt følgjande om Plan for forvaltningsrevisjon:

*Begge kontrollutvala bør handsame sak i desember om bestilling hjå Deloitte av prosjektplan for felles evaluering av planane. Bestillinga bør vera at forslag til prosjektplan vert levert til handsaming i første møte i utvala i 2018.*

### **Overordna analyse**

Det er i forskriftera sagt lite om korleis den overordna analysen skal utførast. Dette er i stor grad opp til kontrollutvalet å avgjere.

Den overordna analysen skal peike på aktuelle område for forvaltningsrevisjon basert på ein risikoanalyse. Desse områda skal kontrollutvalet rangere i høve vesentlegvurderingar før plan for forvaltningsrevisjon vert utarbeidd.

Dei to kontrollutvala ber om å få utarbeidd forslag til prosjektplan for evaluering av plan for forvaltningsrevisjon som bygger på fellesprosjekt og eventuelt for eigne prosjekt gjennomført med tanke på omorganiseringa vi no står overfor.

## **3. Konklusjon**

På bakgrunn av det som går fram over tilrår sekretariatet at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til ein prosjektplan som viser korleis dei kan bistå kontrollutvala i dei to fylkeskommunane i å gjennomføre ei felles evaluering av gjeldande planar for forvaltningsrevisjon. Prosjektplanen må innrettast slik at framtidige forvaltningsrevisjonar vil bidra til forbeteringar og nytte i den nye fylkeskommunen som skal vera på plass frå 01.01.2020. Det vert også tilrådd at kontrollutvalet ber om at prosjektplanen vert gjennomført i tråd med dei føringar utvala har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og tidspunkt for ferdigstilling.